

Regionalplan for landbruk i Rogaland



Planprogram

Innhaldsliste

1.	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN	3
1.2	FORMÅL	3
1.3	ORGANISERING	4
1.4	FRAMDRIFTSPLAN	5
2	RAMMEVILKÅR OG UTVIKLINGSTREKK	6
2.1	RAMMEVILKÅR OG HANDLINGSROM	6
2.1.1	<i>Internasjonalt</i>	6
2.1.2	<i>Nasjonalt</i>	6
2.1.3	<i>Regionalt</i>	7
2.1.4	<i>Lokalt</i>	7
2.2	STATUS, UTVIKLING OG TRENDAR	8
2.2.1	<i>Statistikk og talmateriale</i>	8
2.2.2	<i>Eigarskifte, rekruttering og likestilling</i>	8
2.2.3	<i>Den økonomiske situasjonen i landbruket</i>	9
2.3	FRAMTIDA – TRUSLAR OG MOGLEIGHETER	9
3	TEMA FOR PLANARBEIDET	9
3.1	REKRUTTERING	9
3.2	KOMPETANSE	10
3.3	PRODUKSJON AV MAT	10
3.3.1	<i>Tradisjonelt landbruk</i>	10
3.3.2	<i>Lokale matspesialitetar</i>	11
3.3.3	<i>Økologisk produksjon av mat</i>	11
3.4	SKOGBRUK	12
3.5	LANDBRUK OG ENERGIPRODUKSJON	12
3.6	PRODUKSJON AV ANDRE VARER OG TENESTER	13
3.6.1	<i>Grøn omsorg – Inn på tunet</i>	13
3.6.2	<i>Reiseliv</i>	13
3.6.3	<i>Produksjon av andre varer og tenester</i>	14
3.7	LANDSKAPSRESSURSAR OG PRODUKSJON AV FELLESGODE	14
3.7.1	<i>Kulturlandskap</i>	14
3.7.2	<i>Utmarksressursar</i>	14
3.7.3	<i>Bruk av verna områder</i>	15
3.8	EIGEDOMS- OG BUSETJINGSPOLITIKK	15
3.8.1	<i>Bulyst – buplikt</i>	15
3.8.2	<i>Ressursar - utnytting og forvalting</i>	16
3.8.3	<i>Eigarformer og organisering</i>	16
3.9	MILJØMESSIG BEREKRAFT	16
3.9.1	<i>Beredskap – risiko og sårbarhet</i>	16
3.9.2	<i>Forureining frå landbruket</i>	17
3.9.3	<i>Landbruk og klima</i>	17

1. Innleiing

Rogaland er eit landbruksfylke av stor nasjonal verdi. Til saman er om lag 15 000 personar sysselsett innan produksjon av mat, skog og treforedling i fylket, noko som tilsvarer 7 % av alle sysselsette i Rogaland. I nasjonal målestokk er Rogaland sjølve matfylket når det gjeld husdyrprodukt med omlag 20 % av husdyrhaldet i landet. Matfylket Rogaland er blitt ei merkevare for fylket og ein av dei viktigaste utviklingsstrategiane innan regional utvikling.

Fylkesutvalet vedtok i møte 21. oktober 2008 at det skal utarbeidast ein fylkesdelplan for landbruk eller regionalplan for landbruk som det no vert kalla. Planen skal vere ein overordna og strategisk næringsutviklingsplan for landbruket i Rogaland. Han skal vere eit politisk dokument som vil vere styrande for regional og lokal utvikling, planlegging og forvalting.

Plandokumentet skal vere eit kortfatta strategidokument som skildrar kvart tema med mål og strategiar. I vedlegget skal det vere med ein samla oversikt over status og utviklingstrendar i landbruket. Det skal følgje med ein eigen handlingsplan som definerer tiltak, ansvar og verkemiddel til kvart tema. Handlingsplanen er ein særskilt "gjennomføringsplan" som skal vurderast årleg av politikarane.

1.1 Bakgrunn

Landbruket i Rogaland står ovanfor store omstillings- og utviklingsutfordringar. Landbruket er ein særskilt viktig del av næringslivet i fylket både på primær- og sekundærleddet og utgjer fundamentet for Matfylket Rogaland. Landbruksnæringa er også avgjerande for å oppretthalde busetting og sysselsetting i mange bygdesamfunn. Det er også viktig å minne om den rolla primærlandbruket har med tanke på produksjon av matvarer og det ansvaret samfunnet har med å bidra til størst mogleg sjølvforsyningssgrad av mat.

Landbruket spelar ei viktig rolle i reiselivssatsinga og i høve til andre næringar som er knytt opp mot landbruket. Landbruket med kulturlandskap og utmarksområde er basis for friluftsliv og turområde som er viktige i eit velferds- og folkehelseperspektiv.

Forvaltingsreforma gjer at fylkeslandbruksstyra blir lagt ned frå 1. januar 2010. Fylkeskommunen vil då få større ansvar for landbruksoppgåver og får ein tydeligare rolle som regional utviklingsaktør innan landbruket.

1.2 Formål

Regionalplanen for landbruk skal vere eit styringsverktøy som er retningsgivande for utviklingstiltak, prosjekt og verkemiddelbruk på regionalt og kommunalt nivå. Han skal også danne grunnlag for utforming av regionalpolitiske strategidokument og handlingsplanar.

- Setje landbruket på den regionalpolitiske dagsorden
- Gi ein samla oversikt over status og utviklingstrendar for landbruket
- Avklare handlingsrommet ein har regionalt
- Avklare og prioritere tiltak som skal gjennomførast for å styrke landbruket
- Legge til rette for ein differensiert landbrukspolitikk i fylket
- Medverke til å styrke konkurranseevna og krafta til landbruket i alle delar av fylket
- Skape begeistring for og i landbruket

1.3 Organisering

Styringsgruppe

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for arbeidet med regionalplanen.

Styringsgruppa består av representantar frå alle dei politiske partia i fylkestinget:

- Karl Eik (V) leiar
- Ivar Tangeraas (H)
- Siv Len Strandskog (Ap)
- Marianne Torbjørnsen (FrP)
- Jan Gunnar Mattingdal (KrF)
- Arne Bergsvåg (Sp)
- Klara Tveit (SV)
- Jan Georg Iversen (PP)

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa har ansvaret for å drøfte framdrift og forslag frå sekretariatet og å kome med tilrådingar til styringsgruppa.

- Anfinn Rosnes, landbruksdirektør hos Fylkesmannen i Rogaland leiar
- Leiv Berge, Rogaland fylkeskommune
- Elin Schanche, Stavanger-regionen Næringsutvikling
- Kjell Nes, Ryfylke IKS
- Gerd Sjøveland Engelsgjerd, Dalanerådet
- Bjørn Bruaset, Haugalandrådet
- Oddmund Hognestad, vidaregåande opplæring innan landbruk
- Karin Hansen, Innovasjon Norge Rogaland
- Per Inge Egeland, Rogaland Bondelag
- Kjell Tysdal, Rogaland bonde- og småbrukarlag
- Vestskog BA
- Olav Røysland, Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonene i Rogaland
- Martin Svebestad, Klepp rekneskaplag
- Terje Wester, Fatland Jæren AS
- Gisela Endresen, Rogaland Fylkeskommune, reiseliv
- Martin Gjelsvik, IRIS/forsking


Sekretariat

Sekretariatet følgjer opp heile prosessen med regionalplanen og utarbeidar grunnlagsmateriale for planarbeidet og forslag til planutkast. Dei førebur saker for prosjektgruppa.

Sekretariatet er sett saman av tilsette frå Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland. Representantane frå fylkesmannen er Sissel Endresen, Geir Skadberg, Synnøve Hognestad og Aart van Zanten Magnussen og frå fylkeskommunen er det Sissel Bakke og Terje Øvrebo.

Arbeidsgrupper

Det er oppretta arbeidsgrupper som skal kome med innspeil til dei ulike temaområda som skal omtalast i planarbeidet. Desse gruppene er sett saman av personar som representerer ulike nivå i forvaltninga, landbruksnæringa, andre næringar og fagpersonar som sit på spisskompetanse på ulike fagområde.



Planarbeidet skal følge plan- og bygningslova sine reglar for regional planlegging og medverknad. Generelt så er intensjonen med bruk av plan- og bygningslova ei berekraftig samfunnsutvikling. Det å leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling er eit særsviktig omsyn i planlegginga. Det skal leggjast stor vekt på brei medverknad og involvering særleg i starten av planarbeidet. Ved samansetting av styrings-, prosjekt- og arbeidsgrupper er det lagt vekt på å dekke eitt breitt spekter av interessentar.

Det vil bli lagt ut informasjon om planprosessen og planarbeidet på nettet. I tillegg vil det bli lagt opp til informasjons- og dialogmøte med mellom anna kommunane og ulike organisasjoner som representerer landbruksnæringa.

1.4 Framdriftsplan

	2009															
	sep	okt	nov	des	jan	Feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
Utredningsarbeid og samspill mellom styringsgruppe/prosjektgruppe/arbeidsgrupper																
Planen ut på høyring										■	■					
Planen vedtas i Fylkestinget																■

2 Rammevilkår og utviklingstrekk

2.1 Rammevilkår og handlingsrom

2.1.1 Internasjonalt

Resultatet frå WTO-forhandlingane vil gi rammar for utvikling av norsk landbrukspolitikk. Ein ny WTO-avtale vil kunne gi store utfordringar for landbruket. Vi må vente ein høgare konkurranse i matvaremarknaden og sterkare pris- og kostnadspres. Behovet for kompetanseutvikling og omstilling i næringa vil auke. Store delar av budsjettstøtta må truleg leggjast om frå produksjonstilknyta støtte ("blå boks") til produksjonsnøytral støtte ("grøn boks"). Døme kan vere støtte til ferie og fritid, bygdeutvikling og infrastruktur, miljøprogram og kulturlandskapstiltak. Regionale planar og tiltak kan få ein større plass i verkemiddel-systemet.

2.1.2 Nasjonalt

Det er jordbruksforhandlingane mellom staten og jordbruksorganisasjonane, som bestemmer rammene for prisar og tilskot i landbruket. Budsjettstøtta til landbruket er årleg på om lag 11,5 milliardar kroner. Tilskota er ein form for kompensasjon til bøndene for dei særleg høge driftskostnader som landbruket i Noreg har og for dei fellesgoda som landbruket leverer til samfunnet i form av busetting, kulturlandskap, arealforvalting og miljø. Støttesystemet har ein tydeleg distriktsprofil med høgare støttesatsar i distrikta for å styrke landbruket sitt bidrag til busetting over hele landet. Tilskota har også ein klar strukturprofil med relativt høgare støttenivå til små bruk.

Nasjonale mål og rammer sett til landbruket og utviklinga i landbruket finn ein i stortingsmeldingar. Her er St.meld. nr 25 (2008 – 2009) "Lokal vekstkraft og framtidstru. Om Distrikts- og regionalpolitikken" ein av dei viktigaste. Han samordnar ulike politikkområde og set fokus på kva som må til for å få bygdeutvikling/samfunnsutvikling. Regjeringa sin nasjonale reiselivsstrategi "Verdifulle opplevelser" fokuserer på kva som må til for å gjera Noreg til eit berekraftig reisemål. Her er natur og kulturlandskap viktige ressursar og i strategien seier ein ; "*Landbruket forvalter en stor del av disse samfunnsgodene og er viktige aktører når det gjelder å forvalte og legge til rette for reiselivsprodukter basert på norsk natur og kulturlandskap.*"

Gjeldande landbrukspolitikk er å leggje tilhøva til rette for utvikling av landbruket og landbruksbaserte næringar og å styrke verdiskapinga og nyskapningsevna i næringa. Sidan landbruket spelar ei stor rolle for lokal og regional samfunnsutvikling må utviklinga av landbruket sjåast i samanheng med og samordnast med andre politikk- og fagområde som reiseliv, kulturminne, kultur, friluftsliv, klima og naturmiljø. Her er St.meld. nr 26 (2006 – 2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand viktig.

Gjeldande miljøpolitikk er at natur- og kulturverdiane/ kvalitetane skal sjåast på som ressursar i samfunns- og næringsutviklinga. Omsynet til berekraft er og ei viktig ramme for utviklinga av landbruket. Mellom anna EU sitt vassdirektiv, dei nasjonale måla sett i klimapolitkken, St.meld. nr 34 (2006 – 2007) Norsk klimapolitikk og St.meld. nr 39 (2008-2009) Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen. Naturmangfaldlova som er gjeldande frå 1. juli 2009 gir reglar om berekraftig bruk og vern av naturen. Lova får og verknad for landbruksnæringa og ein må i planarbeidet ta omsyn til dei føringane som er gitt.

2.1.3 Regionalt

Dei regionalpolitiske prioriteringane er nedfelt i fylkesplanen, ulike fylkesdelplanar/ regionalplanar og ulike regionale strategiar. Hovudstrategiane i Fylkesplan for Rogaland 2006-2009 er **kompetanse, konkurranseevne, kvalitet og kommunikasjon**. Planen inneholder strategiar som bl.a. skal medverke til styrking av konkurranseevna gjennom nyskaping i næringslivet, Matfylket Rogaland, reiseliv og opplevelingar og auka kvalitet på ulike område som til dømes natur- og kulturbaserte opplevelingar. Mange planar og strategidokument har fokus på mat- og måltidsnæringa. Men ei heilskapleg vurdering av utfordringar, strategiar og tiltak knytt til landbruket som produserer råvarene i desse satsingane manglar.

Viktige fylkesdelplanar for landbruksnæringa er FDP for byutvikling på Jæren og FDP for Haugalandet, kor ein mellom anna har bestemt kjerneområde for landbruk/langsiktige grenser for landbruk eller område med høgt prioriterte landbruks- og kulturverninteresser. Vidare vil FDP for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern og Regionalplan for energi og klima gi rammer for utviklinga på dei ulike områda. Kystsksogmeldinga som er vedteken av fylka langs kysten gir strategiar og tiltak for skogbruk og skogen si rolle i klimasamanhang for de aktuelle fylka. Regional plan for Setesdalsheiane som er under utarbeiding, vil og vere ein viktig plan for landbruksnæringa i høve til verdiskaping i utmarka og bruk av verna område.

2.1.4 Lokalt

I dei seinare åra er landbruksforvaltinga styrka på lokalt nivå. I 1994 blei landbrukskontora overført frå staten til kommunane. Kommunane fekk i 2004 overført avgjerdssrett i mange landbruksaker som til dømes i konsesjonssaker, delings- og omdisponeringssaker etter jordlova og saker etter skogsbrukslova. Vidare har kommunane fått avgjerdssrett i saker som gjeld tilskot til miljø- og næringstiltak i skogbruket og saker som gjeld tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Statens landbruksforvaltning undersøker nå korleis kommunane behandler ulike særlovssaker for å vurdere om praktiseringa er i tråd med nasjonal politikk. Landbruksministeren har også kome med forslag om lovheimel til å påleggje kommunane å rapportere inn avgjersler dei har teke ved behandling av saker etter særlovene. Dette er indikasjonar på at styresmaktene ikkje er trygge på om delegasjonen har fungert etter forventningane.

Kommunen er også ein viktig aktør for å stimulere til landbruksbasert næringsutvikling, både når det gjeld tradisjonelt landbruk og satsing på nye næringar og til å stimulere til at næringa søker om tilskot via det regionale miljøprogrammet slik det er utarbeida i Rogaland. Dette har gitt kommunane meir ansvar og eit større handlingsrom enn dei hadde før 2004.

Kommunane har ansvaret for å utvikle ein lokal landbrukspolitikk innanfor rammene av den nasjonale politikken. Kommuneplanlegging og bruk av plan- og bygningslova er eit av dei viktigaste verkemidla kommunane har til ei samordna politikkutforming og tilrettelegging for landbruksbasert næringsutvikling.



2.2 Status, utvikling og trendar


Regionalplanen skal kartlegge korleis utviklinga av landbruket har vore i Rogaland sidan 1998. Tala er i stor grad basert på talmateriale utvikla av Statens landbruksforvaltning i samband med søknader om produksjonstilskot. Talmaterialet vil bli presentert fylkesvis, regionvis eller kommunevis alt etter kva som er mest føremålstenleg. Regioninndelinga som vil bli nytta i planen er Jæren, Dalane, Ryfylke og Haugalandet.

2.2.1 Statistikk og talmateriale

Det vil bli lagt fram talmateriale som viser utviklinga i ulike husdyrproduksjonar og planteproduksjonar. Det vil bli lagt vekt på å presentere dei produksjonane som har eit visst omfang i Rogaland. Her vil det mellom anna bli presentert tabell over utviklinga i husdyrhald, produksjon av grønsaker inklusiv veksthusnæringa og skognæringa.

Regionalplanen skal gi ei mest mogleg komplett oversikt over trendane i dei ulike produksjonane. Det vil også bli gitt ei oversikt over utviklinga når det gjeld bruksstruktur og arealbruk.

Utvikling i dyretal i perioden 1999-2008



Kjelde: Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

2.2.2 Eigarskifte, rekruttering og likestilling

Ein skal sjå på utviklinga i eigarskifte, rekruttering og likestilling som grunnlag for å vurdere eventuelle tiltak som kan snu uønska trendar.

2.2.3 Den økonomiske situasjonen i landbruket

Lønnsemd i landbruket er eit omdiskutert emne som engasjerer mange. Innsikt i landbruket si lønnsemd er viktig både for styresmaktene og landbruksnæringa, slik at eventuelle tiltak kan settast i gang dersom utviklinga går i uønska retning. I Regionalplan for landbruk skal ein kartlegge utviklinga i lønnsemda i landbruksnæringa i Rogaland.

I tillegg er det ønskeleg å sjå nærare på tre nasjonale trendar som også i Rogaland påverkar situasjonen og lønnsemda i landbruket sterkt. Den første er strukturendringa som føregår i landbruket, kor talet på landbruksføretak blir redusert samstundes som storleiken på føretaka aukar. I Regionalplanen skal ein gjere greie eventuell skilnaden i lønnsemda mellom større og mindre landbruksføretak.

Den andre trenden det er ønskeleg å sjå på, er skilnad i lønnsemd mellom regionar i fylket. I regionalplanen skal ein gjere greie for eventuell skilnad i lønnsemd mellom ulike regionar.

Vidare er det ønskeleg å gjere greie for dei skilnadene i lønnsemd som ein ser både mellom ulike produksjonar og ikkje minst mellom bruk med tilsynelatande like føresetnader innan same produksjon. I regionalplanen er det ønskeleg å få kartlagt desse skilnadene.

2.3 Framtida – truslar og moglegheiter

For å kunne gi eit bilet av korleis framtida kan sjå ut, er det aktuelt å sjå på ulike scenarioprosjekt som er utført i seinare tid. Desse kan nyttast for å seie noko om kva ulike retningar landbruksnæringa kan utvikle seg i og kva som må veljast av strategiar for å unngå uønska framtidsbilete. Det skal leggjast vekt på å omtale gode prosjekt som kan vere med på peike ut positive framtidsutsikter. Det er og aktuelt å nytte det talmateriale som allereie finst og framskrive desse tala for å sjå kva utvikling ein kan vente seg. Det skal ikkje gjennomførast nye scenarioprosjekt i samband med dette planarbeidet.

3 Tema for planarbeidet

Under kvart tema i planen skal det gjerast greie for status og utfordringar og det skal definerast hovudmål og eventuelle delmål. Det skal og formulerast strategiar og tiltak i ein eigen handlingsplan. For alle tema som blir omtala i planen skal ein leggje prinsippet om berekraft til grunn.

3.1 Rekruttering

Odelslova og tradisjonane rundt odelsretten inneber at dei aller fleste gardsbruk blir omsett innan familien. Det kan være utfordringar med å få nokon i familien til å ta over når ein bonde nær pensjonsalder. Neste generasjon vil då ofte vere i 40-årsalderen og godt etablert med familie, bustad og eigen yrkeskarriere. Gardsbruk som blir lagt ut for sal på den opne marknaden har så langt ikkje vore vanskelege å få omsett.

I planen skal det gjerast greie for og vurderast kva for rekrutteringsutfordringar landbruket i Rogaland står framfor. Her skal utfordringane med å rekrutttere avløysarar også omtala. Det er viktig å få fram at landbruksnæringa kan vere ein attraktiv og spennande næring for dyktig ungdom som vil drive eigen bedrift og omtale korleis ein kan leggje til rette for at dei som ønskjer å bli bønder kan realisere planane. Det er og viktig å sjå rekruttering saman med kompetanse. Manglande krav til utdanning kan gi låg status til det å drive landbruk og kan difor gjere det vanskeleg å sikre rekruttering til yrket.

3.2 Kompetanse

Det er i dag få som tek agronomutdanning på vidaregåande skoler. Ungdom vel ofte ein annen utdanning og yrke før dei tenkjer på å skaffe seg landbrukskompetanse. 3-årig agronomutdanning ved vidaregåande skole gir i dag verken studiekompetanse eller førar fram til fagbrev. Det er heller ikkje sett krav om fagutdanning for å vere bonde.

Bonden sin realkompetanse blir framleis godteke, men den kan komme til å miste status i åra som kjem. På den andre sida vil behovet for formalkompetanse auke. Trenden med større føretak i landbruket vil føre til eit stort behov for meir kompetanse ikkje minst innan bedriftsleiing og økonomistyring. Vidare vil den aukande endringstakten i landbruket auke behovet for å forstå grunnleggjande samanhenger innan både biologi, teknologi, økonomi, samfunnsliv og leiing.

I planen skal det gjerast greie for og vurderast kva for kompetanseutfordringar landbruksnæringa står ovanfor. Fokus bør rettast mot korleis ein best kan møte dei kompetansekrava som blir stilt til ein som skal drive eit landbruksføretak. Rådgivingstenesta som kompetanseleverandør bør og omtalast. I planarbeidet bør det gjerast ein vurdering av om ein bør stille krav til utdanning for å drive landbruk. Det kan og vere aktuelt å sjå på høgare utdanning og forsking medrekna den veterinærlege utdanninga som er lagt til veterinærhøgskolens avdeling på Høyland i Sandnes.

3.3 Produksjon av mat

3.3.1 Tradisjonelt landbruk

I nasjonal målestokk er Rogaland sjølve matfylket når det gjeld husdyrprodukt og matmiljø. Matfylket Rogaland har vore ein sterk næringspolitisk satsing gjennom mange år, noko som mellom anna har resultert i at Rogaland fekk etablert Norwegian Center of Expertise (NCE) Culinology i 2007 og Måltidets Hus som opna i 2009. Det gode fagmiljøet i landbruket og andre mat- og forskingsmiljø har lagt grunnlaget for denne utviklinga og vil også framover vere viktig for Rogaland sin matsatsing. Utfordringar og moglegheiter i det tradisjonelle landbruket vil difor ha hovudfokus i Regionalplan for landbruk.

I Rogaland er det mykje som ligg til rette for at vi også i framtida skal ha ein sterk landbruksnæring. Det manglar likevel ikkje på utfordringar som landbruksnæringa i fylket må ha ein aktiv holdning til; auka internasjonal konkurranse, auka konkurranse om arbeidskrafta, auka kostnadsnivå, større krav til profesjonalitet og effektivitet – er nokre av dei mest aktuelle.

Regionalplanen skal utforme strategiar og tiltak som kan stimulere til at ein og i framtida kan ha eit høgt nivå på landbruksproduksjonen i fylket. Folketalet i landet er venta å stige med om lag ein million menneske dei nærmaste 20 åra. Det er difor behov for ein betydelig vekst i produksjonen av mat. Det bør difor vere eit mål at produksjonen av jordbruksvarer i Rogaland kan auke i same takt som auken i forbruket av mat i befolkninga.

Jordbruksarealet er sjølve grunnlaget for landbruksproduksjonen og desse arealet er avgjerande for at Rogaland framleis skal ha ein viktig posisjon som matfylke. Arealet for framtidig produksjon av mat er under sterkt press frå by- og tettstadsvekst, utbyggingstiltak til transport, etablering av anlegg for sport og fritid og frå spreidde utbyggingstiltak i landbruksområda. Ved frådelingar og byggetiltak utanfor tettstadssonane vil jordbruksområda over tid bli

blandingsområde der landbruksaktiviteten må tilpasse seg andre arealbruksinteresser og høve til utvikling av ein et kostnadseffektiv matproduksjon blir svekka.

I arbeidet med Regionalplan for landbruk vil det bli gjort greie for og vurdert kva for utfordringar som er knytt til det vi kan kalte ordinær landbruksdrift. Rogaland har blant anna utfordringar med å halde oppe landbruksproduksjonen i distrikta. Ein vil sjå på om det er produksjonar som ligg betre til rette for at distrikta skal kunne lykkes med dei. Trenden viser at vi går i retning av større og meir spesialiserte bruk og likevel ser vi at nokon av kombinasjonsbruka har hatt dei beste økonomiske resultata. Regionalplanen skal kunne gi innsikt i kva for utviklingsretningar som vil vere best eigna for å møte framtida. Fornying av driftsbygg bør inn som eige tema. Det er viktig å synleggjere dei utfordringane landbruket har når det gjeld økonomi til å bere kostnadene med nybygg.



3.3.2 Lokale matspesialitetar

Ambisjonane om å satse på lokale matspesialitetar må stå i samsvar med regjeringa sine ambisjonar der målsetjinga er at 20 % av norske matprodukt skal vere matspesialitetar i 2020. Det å stimulere til meir produksjon av lokale matspesialitetar har eit betydeleg potensial i Matfylket Rogaland, medrekna kontinuerlig mobilisering og kompetanseheving for produsentar i samarbeid med regionale aktørar.

I Regionalplanen vil det bli gjort greie for og vurdert kva for utfordringar som er knytt til satsinga på lokale matspesialitetar. Dette vil mellom anna bli sett i samanheng med å få større marknadsadgang for lokale matspesialitetar gjennom innpass i fleire daglegvarebutikkar og gardsutsal.

3.3.3 Økologisk produksjon av mat

Regjeringa har sett eit mål om 15 % produksjon og forbruk av økologisk mat innan 2015. Rogaland har i dag ein svært låg prosentdel med økologisk landbruksproduksjon. 54 gardsbruk var i 2007 registrert med økologisk produksjon. 4,7 % av landbruksarealet i Noreg er i økologisk drift, medan under 1 % av landbruksarealet i Rogaland blir drive økologisk.

I Regionalplanen vil ein gjere greie for og vurdere kva som bør og kan gjerast for å auke produksjonen av økologisk mat i Rogaland. I planen skal ein og sjå på korleis ein kan auke økologisk veksthusproduksjon. Det skal utførast ein konsekvensanalyse av økologisk matproduksjon opp mot økonomi og miljø.

3.4 Skogbruk

Grunnlaget for skognæringa i Rogaland er i sterkt vekst, og uttaket av tømmer kan aukast vesentleg dei neste 20 åra. Dette gjeld også produksjon av juletre. Det er i dag stor hogstaktivitet, men det er ofte ungskogen som blir teken ut lenge før den er hogstmoden. I tillegg er det berre halvparten av hogstflatene med til dømes gran som blir forynging med ny kvalitetsskog. Rogaland har i dag samla sett ikkje ein berekraftig utnytting av skogressursane. Dette vil over tid føre til nedbygging av skogressursane og ein sterkt redusert CO₂-binding. Det er ein uheldig utvikling i ei tid der det er stort fokus på skogbruk i høve til den positive effekten skogen har i klimasamanheng.

Når det gjeld utfordringar og strategiar for skogbruket, vil dette bli sett i høve til den handlingsplanen for nå er under utarbeiding i samband med Melding om kystskogbruket. I Regionalplan for landbruk skal ein under tema skogbruk rette fokus mot skogbruket som næring og det potensiale som er i høve til næringsutvikling knytt til skog.



3.5 Landbruk og energiproduksjon

Bruk av trevirke til oppvarming er klimavennlig energi. Rogaland har relativt sett store skogressursar som er eigna til produksjon av bioenergi. I første rekke er det behov for eit offentleg engasjement i bygging og ombygging av varmesentralar – først i offentlege bygg, men etter kvart også i næringsbygg og i nye bustadfelt. Slik det er i dag vil til dømes kraftkommunar tape på å bruke bioenergi i forhold til elektrisitet. Landbruket kan også bidra i forhold til biogassanlegg og småkraftverk. Det skal utarbeidast ein eigen regionalplan for småkraft i Rogaland og det er allereie ein plan for vindkraft. Dette kapittelet må difor sjåast i samanheng med desse planane.

I Regionalplanen vil ein gjere greie for og vurdere kva for utfordringar som er i høve til bruk av bioenergi frå trevirke og andre former for bioenergi der landbruket kan bidra. Døme på dette er bruk av husdyrgjødsel til biogassanlegg.

3.6 Produksjon av andre varer og tenester

3.6.1 Grøn omsorg – Inn på tunet

"Inn på tunet" også kalla "grøn omsorg", er ulike tenestetilbod frå landbruket retta mot oppvekst/skole, NAV og helse- og sosialsektoren. Ideen er at landbruket har miljøkvalitetar, ressursar og kompetanse som bør komme til nytte for storsamfunnet i tillegg til å produsere mat og fiber. Garden og miljøet rundt denne kan vere ein bra læringsarena for skoler og barnehagar. Garden kan også vere ein god plass å vere for folk som treng rekreasjon, avlasting og omsorg. Kontakt med dyr, natur- og friluftsliv, meistringsopplevingar, sosial kontakt og trening kan ein få rikeleg av på ein gard.

I Regionalplanen skal ein gjere greie for og vurdere om det er ønskeleg og mogleg å få til ei større satsing på dette området. Det bør også vurderast kva som kan gjerast i høve til kvalitetssikring slik at kommunane i større grad ønskjer å bruke dette alternative tilbodet.



3.6.2 Reiseliv

Rogaland ligg godt til rette for bygdeturisme. Her finn ein vakre kulturlandskap, variert natur og kultur, fjord og fjell, satsing på lokal mat og ikkje minst at det er store befolkingssentra i korte avstandar frå destinasjonane. Aktivt landbruk er sjølve grunnlaget for vakre kulturlandskap. Fjord-Noreg er den regionen som aukar mest i reiselivssamanhang.

Reiselivsorganisasjonane etterlyser fleire, billegare og meir varierte tilbod på overnatting som eit supplement til det ein får i byene. Bygdeturismen har mykje å tene på å heve kvaliteten på produkta. Det å yte god service i form av lett tilgjengeleg informasjon, god skilting, tilrettelagte og skilta turruter osv. er fundamentet for å få turistane til å bli verande og bruke pengar i området. Det kan og oppstå interessekonflikter mellom ulike arealbruksinteresser, eksempelvis når det gjeld omsynet til vern av strandsona og satsinga på reiseliv retta mot strandsona.

I Regionalplanen skal ein gjere greie for og vurdere moglegheiter og utfordringar med reiseliv i høve til bygdeturisme. I planarbeidet må sjå dette tema i høve til Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern.

3.6.3 Produksjon av andre varer og tenester

Landbruket sine ressursar kan gi grunnlag for produksjon av andre varer og tenesteytande næringar. Denne produksjonen er ofte eit supplement til hovudproduksjonen på garden og kan i så måte gi eit positivt bidrag til bruket sin totale kapasitetsutnytting og økonomi. Samtidig er det viktig å satse på berekraftige varer og tenester som tek utgangspunkt i gardstilknyta næringsverksemd.

Prosjektsatsinga på hest i næring i Rogaland er godt i gang. Eit gardsbruk kan til dømes leige ut stallplass, tilby ulike former for riding, produksjon og sal av kvalitetshøy osv. Det er sterkt stigande interesse for riding bl.a. hos ungdom. Omfanget av ridestigar er altfor lite og ofte avgrensa til den enkelte eigedom. Ein sentral oppgåve er derfor å få på plass et variert nettverk av nye ridestigar slik at riding kan skje med minst mogleg konfliktar med andre brukargrupper og grunneigarar.

I Regionalplanen skal ein gjere greie for og vurdere kva mogelegeheter som er i høve til produksjon av andre varer og tenester frå landbruket og sjå på dei utfordringane som er i høve til auka satsing på desse områda.

3.7 Landskapsressursar og produksjon av fellesgode

3.7.1 Kulturlandskap

Natur- og kulturlandskapet i Rogaland er først og fremst eit kollektivt miljøgode som er viktig for innbyggjarane. Det gir trivsel, opplevingar, lokal identitet og høve til aktivt friluftsliv. Eit tilgjengeleg kulturlandskap er òg viktig i folkehelseperspektiv.

Jordbruks sitt kulturlandskap har røter mange tusen år tilbake. Jordbrukslandskapet er derfor ein viktig berar av kulturarv, tradisjon og identitet. Mange arter og naturtypar er også knytt til tidlegare tiders drift. Regionalplanen bør synleggjere korleis ein kan ta vare på sjeldne og trua arter og naturtypar og eit representativt utval av kulturminne og bygningar som er eller har vore knytt til landbruksdrift.

Biologisk mangfold vil og vere eit tema i planarbeidet. Intensiv landbruksdrift kan føre til negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet, og vil påverke både plante- og dyrelivet i nærområdet. I Regionalplanen vil det bli gjort ein vurdering av korleis landbruksnæringa betre kan legge forholda til rette for å oppretthalde størst mogleg grad av biologisk mangfold.

I Regionalplanen skal ein definere mål og strategiar for korleis ein kan ta vare på og nytte landskapet i samanheng med reiseliv og vidare korleis ein kan leggje til rette for opplevingar av landskapet. Ein skal også på korleis ein leggje betre til rette for ferdsel. I de seinare åra ser vi aukande tendens til at kulturlandskapet gror igjen med busker og kratt. Dette ser vi særleg i område med lite beitedyr. I planen vil ein også vurdere problematikken med gjengroing.

3.7.2 Utmarksressursar

Utmarka er ein viktig del av ressursgrunnlaget for landbruket og eit utgangspunkt for ny næringsutvikling. Sauehaldet i Rogaland, som utgjer om lag 20% av landets produksjon, nytta utmarksressursane både i fylket og i nabofylka som arealgrunnlag for produksjon av kjøtt og ull. Også storfe og geit nytta utmarka som beite. Jaktutbytte er også ein monaleg faktor på mange bruk.

Dei store utmarksressursane vi har er viktige som tuområde for folk flest. Utmarksområda kan også få større verdi i høve til utvikling av reiselivet og for organisert jakt og jaktturisme. Bruk av utmarka kan av og til vere konfliktfylt i forhold til uklare eigarforhold. Bruk av utmark til jakt og tilkomst for allmenta kan også bidra til konfliktar.

I Regionalplanen skal ein gjere greie for vurdere om det bør gjerast meir for å leggje til rette for auka økonomisk utnytting av utmarka og bruk av utmarksressursane til tur- og opplevingsføremål. Dette er viktig ikkje minst sett ut frå eit folkehelsesynspunkt. Regionalplanen vil også sjå på konflikten mellom rovdyr og beitebruk i fylket i lys av den nasjonale rovdyrpolutikken.



3.7.3 Bruk av verna områder

Mange har ei negativ haldning til å få deler av ein landbrukseigedom innanfor verna område. Men det at eit område er verna betyr at det har kvalitetar og verdiar som kan gjere det særleg attraktivt. Ein utfordring er å bruke dette fortrinnet i satsingar innanfor næringsutvikling, friluftsliv og turisme m.m. I Regionalplanen vil ein i dialog med dei som representerer verneinteressene gjere greie for og vurdere kva mogelegheiter og utfordringar som er i høve til bruk av verna områder.

3.8 Egedoms- og busetjingspolitikk

3.8.1 Bulyst – buplikt

Landbruket speler ei viktig rolle i arbeidet for å sikre busetjing over heile landet. Landbrukspolitikken er difor ein viktig del av distriktpolitikken. Den som tek over ein landbruks-eigedom har bu- og driveplikt på eigedomen. Varig busetjing i distrikta krev like fullt at det blir opplevd som attraktivt å bu i disse områda. Tiltak for å stimulere til bulyst må difor vere ein del av busetjingspolitikken.

I Regionalplanen vil ein gjere greie for og vurdere utfordringane i høve til bulyst og buplikt i Rogaland.

3.8.2 Ressursar - utnytting og forvalting

Behovet for omstilling og rasjonalisering i næringa fører til endringar i bruk av landbruksressursane. Driftsbygningar blir ståande tome, tunområde blir frådelt, jord blir drive på leigebasis og tilleggsjord som blir kjøpt har ofte stor avstand frå driftssenteret. Utviklinga gir nye utfordringar for eit framtidsretta og kostnadseffektivt jordbruk.

I Regionalplanen vil ein gjere greie for og vurdere utfordringane knyta til forvaltning av ressursane i landbruket.



3.8.3 Eigarformer og organisering

Den siste tida har vi sett framveksten av nye organisasjons- og selskapsformer i landbruket. Både gjennom tilskotsreglar og lovregler for landbrukseigedomar har det individuelle eigarskapet og den direkte samanbindinga mellom bruket og brukaren vore hovudregelen. Men store investeringskostnadar, fordelane med større driftseinininga, kravet om meir regulert arbeids- og fritid og behovet for sosialt og arbeidsmessig fellesskap har vore drivkrefter for nye samarbeids- og organisasjonsformar i næringa.

I Regionalplanen vil ein gjere greie for og vurdere kva for konsekvensar desse ulike eigarformene kan få for utviklinga av landbruket i Rogaland. Ein vil og sjå på problemstillingar knytt til småkraftverk i høve til sal eller langsiktig bortleige av fallrettar og dei konsekvensane det kan få for bygdene. Det er også aktuelt å sjå på prosjekt som har motteke støtte frå Bygdeutviklingsmidlar for eksempel til hytter eller etablering småkraftverk. Desse kan etter kvart bli selt og eigarskapet forsvinn ut av landbruksnæringa.

3.9 Miljømessig berekraft

3.9.1 Beredskap – risiko og sårbarheit

Rogaland er eit fylke med område som har intensiv landbruksproduksjon og det gjer at det vil vere ein viss risiko for angrep og spreieing av ulike dyre- og plantesjukdomar. Når det gjeld dyresjukdomar, ser ein at spesielt Jæren vil være utsett dersom det skulle oppstå ein situasjon med smittsame dyresjukdomar.

I Regionalplanen vil ein gjere greie for og vurdere risiko- og sårbarheit i høve til både dyre- og plantesjukdomar. Moderne husdyrproduksjon er i dag heilt avhengig av straum, og i planen vil ein og sjå på straum og sårbarheit i høve til straumnettet.

3.9.2 Forureining frå landbruket

Det er særleg i område med intensiv drift og stort husdyrhald at det kan bli problem med forureining frå landbruket. Avrenning til vassdrag er den største trussele. Det har gjennom åra vore lagt ned mykje arbeid og investeringar i å tette gjødsellager, samle opp silopressaft og bygging av reinseparkar. Men det er framleis utfordringar i høve til mellom anna rett jordarbeiding og rett gjødsling. EU sitt vassdirektiv vil gi viktige føringar når det gjeld forureining frå landbruket.

I Regionalplanen vil ein gjere greie for og vurdere dei utfordringane som er i høve til forureining frå landbruksdrift. EU sitt vassdirektiv vil vere ein premiss for planarbeidet.



3.9.3 Landbruk og klima

Landbruket bidreg på begge sider i klimarekneskapen. I Regionalplanen skal ein gjere greie for og vurdere korleis landbruket i størst mogleg grad kan avgrense dei negative klimaeffektane og sjå på korleis ein kan oppnå positive klimaeffektar. Dette temaområdet må sjåast i samanheng med Regionalplan for energi og klima, *Handlingsplan for kystsksogbruket* som er ein større, regional satsing for heile Vestlandet og St.meld. nr. 39 *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen*.